

# AGENDA FOR FAGDAG OM ETABLERING AV KOMMUNEPSYKOLOGTENESTE I SOGN

Quality Hotel Sogndal 30. april kl. 9:00-15:00

## Bakgrunn for samlinga:

Dei helsemessige utfordringane har dei siste 15-20 år flytta fokus frå akutte sjukdomsbilde som ulukke, hjarte- og karsjukdom til livsstilssjukdomar og psykiske lidingar.

Situasjonsbildet er at 20-25% av befolkninga i Norge vil i løpet av livet oppleve angst, 15-20% vil oppleve depresjon. Frå 2000 – 2011 auka fråvær på norske arbeidsplassar pga. lettare psykisk lidingar med 145% og psykiske lidingar er årsak til 1/3 av alle uføretrygdingar.

15-20% av barn og unge har nedsett funksjonsevne pga. psykiske vanskar. Vanskane er hovudsakleg angst, depresjon og stress som går utover trivsel, læring, daglege gjeremål og samvær med andre. Angst/depresjon har høg stabilitet og for mange føl dette inn i voksen alder. Sjølv mordstatistikk; 600 personar vel å avslutte livet kvart år.

Primærhelsemeldinga viser til at det er utfordringar med koordinering og samhandling innfor tenestene, problem oppdagast for seint, det er lang ventetid og for dårleg oppfølging i kommunane.

Frå 2020 er kommunane pålagt å ha tilgjengeleg psykologressurs. Sogn regionråd har lagt grunnlag for ei felles satsing for å etablere psykologteneste og etablere eit interkommunalt nettverk for tenesta. Arbeid med rekruttering av psykologar er i gang.

## Målet med fagdagen:

- Førebu kommunane til mottak av ny fagprofesjon og danne grunnlag for godt fungerande tenester internt i kommunane, gjennom interkommunalt fagnettverk og gjennom god samhandling med spesialisthelsetenesta.
- Starte arbeidet med tilpassing i den enkelte kommune.

## Målgruppe:

- Leiarar med ansvar for psykisk helseteneste i kommunane, fagpersonar innan psykisk helse; legeteneste, psykiatrisk sjukepleiar, helsesøster, barnevern, ruskoordinator/arbeidar, leiarar/representantar for barnehage og skule og andre interesserte.

## Forelesarar:

- **Anja Høye Rogde**, Psykologspesialist i klinisk arbeid med barn og ungdom. Kommunepsykolog i Fjell kommune. I tillegg hatt 20% stilling for arbeid med implementering av angstmestringstiltak (UNI Research/RKBU, rådgjevar).
- **Tore Hågård**, Seksjonsleiar / overlege, Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) – Sogndal BUP, Helse Førde
- **Vivi Ann Abelsen**, Psykiatrisk sjukepleiar, leiar for psykisk helseteam, Luster kommune
- **Helge Ulvestad**, Innleigd ressurs for etablering av psykologtenesta.

**Påmelding** innan 11. april gjer du på denne linken: <http://pamelding.sogn.regionraad.no/>

**Pris:** Kr 500 per person for lunsj, pausematbuffet og kaffi/te.



## Program

Programmet bygger på det arbeid som er gjort med førebuing av psykologtenesta. Det er ein fordel om deltakarane har lest gjennom rapporten frå Sogn regionråd og er kjend med hovudtrekka i satsinga.

Kl. 09:00      **Registrering**, kaffi og rundstykke.

Kl. 09:15      **Velkommen** ved ordførar i Lærdal kommune og leiar for Sogn regionråd, Jan Geir Solheim.

Kl. 09:20      **Helge Ulvestad**  
Introduksjon til dagen.

Kl. 09:30-1120 (innlagt pause)

**Anja Høye Rogde:**

- Bestillinga frå staten i forhold til innhald i tenesta.
- Kommunepsykologteneste – kva og korleis.
  - Samhandling i kommunane.
  - Samhandling regionalt - fagnettverk for psykologane.

Kl 11:20      Beinstrekk.

Kl 11:30      **Tore Hågård:**  
**Samhandling med kommunane - sett frå spesialisthelsetenesta.**

Kl 11:55      **Vivi Ann Abelsen:**  
**Samhandling med spesialisthelsetenesta - sett frå kommunane.**

Kl 12:15      **Lunsj**

Kl 13:00      **Gruppearbeid:**  
Kvar kommune går i gruppe og jobbar med flg tema:

1. Korleis kan vi i vår kommune førebu oss til å ta imot psykologen slik at ho/han kjenner seg inkludert og får ei meningsfull rolle i organisasjonen.
2. Kva kompetanse har vi alt no i kommunane, og er kompetansen nytta på rett måte?
3. Har vi tilstrekkeleg teamorganisering, er alle relevante fagpersonar med i teamet, og korleis fungerer evt dette samarbeidet?
4. Kva ser de som nødvendige endringsbehov for å få forbetre tenestene og tilpasse til psykologfunksjonen?

Kl 14:20      **Presentasjon frå gruppene.** Drøfting i plenum, kommentarar frå panelet (førelesarane).

Kl 15:00      **VEL HEIM.**